



Miljøløftet

NOTAT

Til: Styringsgruppa i Miljøløftet
Fra: Vestland fylkeskommune
Kopi:

Vedlegg nr. 4

Saksbehandler/telefon:
Torill Klinker / 908 99 261
Vår dato: 10.01.2023

Sak 6/23 Tilskudd til reduserte billettpriser på kollektivtrafikk

Bakgrunn

Denne saka er ei oppfylging av sak i styringsgruppa den 27.10.22, der det i referatet heiter at: *Styringsgruppa sluttar seg til Skyss sitt framlegg til bruk av belønningssmidlar til drift kollektiv for resten av avtaleperioden. Vedrørande kollektivtakster og bruk av tilskudd til reduserte billettpriser (MNOK 52), så tar fylkeskommunen saken vidare og ser på hva som er den beste bruken av midlene for å fremme kollektivbruk, enten det er takster på periodekort eller andre fleksible betalingsløsningar. Fylkeskommunen kommer tilbake til Miljøløftet når det er tatt en ny runde på hva som er den beste bruken av fondet.*

Styringsgruppa har tidlegare slutta seg til fylkeskommunen sitt framlegg til bruk av belønningssmidlar til drift kollektiv for resten av avtaleperioden. Denne saka presenterer difor fylkeskommunen sitt framlegg til bruken av tilskotsmidlar som i dag står på fond, under *Post 66 regjeringens bompenggeavtale til reduserte billettpriser til kollektivtrafikk.*

Om bruken av Post 66 regjeringens bompenggeavtale til reduserte billettpriser til kollektivtrafikk

Billett-takstar for buss og bane er ein del av budsjettvedtaket til fylkestinget i Vestland fylke. I politisk sak 137/2020, budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024, var vedtaket at midlar frå bompenggeavtalen skal nyttas til fast årleg reduksjon av periodebillett for reisande. Effekten av dette vart til dømes at ein 30-dagars periodebillett for vaksen vart redusert med 85 kroner frå 820 kroner til 735 kroner per måned. I saka heiter det at midlane er knytt til Bergensområdet, men det står også at med den takststrukturen ein har vil ein ikkje kunne avgrense eksakt til avtaleområdet, men at den samla reduksjonen av takstane i all hovudsak vil treffa reisande innanfor avtaleområdet.

Reduserte billettprisar vart iverksett i 2021. Staten utbetalte tilskot også i 2020, desse er på fond og utgjør no 53 mill. I høve til bruken av dei 53 mill. på fond, var Skyss sitt forslag at desse midlane vart nytta til takstfrys på periodebilletten, fordelt over attverande periode. Dette for å oppretthalde dei lågare takstane ut avtaleperioden. Forslag til dette vart lagt inn i budsjettforslaget for 2023.

Gjennom budsjettvedtak i fylkestinget 14.12.22 vart det lagt inn 16 mill. til takstfrys på periodebilletten. Midlane vert nytta av dei ubrukte fondsmidlane frå 2020, (53 mill.) dermed står det att 37 mill. frå denne potten til resten av avtaleperioden. Vedtaket gjev i utgangspunktet ein eingongseffekt for første halvår av 2023. Fylkestinget har ikkje fatta vedtak i høve til bruken av dei resterande midlane. Inntil vidare er det administrative forslaget å fordele dei jamt over resten av avtaleperioden, med om lag 6 mill. årleg.

Fylkestinget vedtok også å innføra familierabatt (1 vaksen + inntil 4 gratis born) alle dagar, studentrabatt på 60% på enkeltbillett, samt ein kampanje i august og september med 40% rabatt på månadskort. Desse tiltaka vert dekkja av fylkeskommunale midlar, totalt 36.5 mill., og vil gjelda for alle dei reisande i heile Vestland. Vi minner her om at om lag 80% av alle kollektivreiser i fylket vert gjort innanfor avtaleområdet.

Tabellen under viser framlegg til bruk av midlane (tal i mill. 2022-kr):

Plan	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	Sum
Tildelt	0	50	52	53	53	53	53	53	53	53	53	526
Reduksjon takst periodebillett	0	0	50	52	53	53	53	53	53	53	53	473
Frys takst buss og bane januar-juni 2023	0	0	0	0	16	0	0	0	0	0	0	16
Reduksjon takst periodebillett / andre tiltak	0	0	0	0	0	6	6	6	6	6	6	37
Attståande midlar / fond	0	50	52	53	37	31	25	19	12	6	0	0

Konklusjon

Styringsgruppa sluttar seg til Vestland fylkeskommune sitt framlegg til bruk av *Post 66 regjeringens bompengavtale til reduserte billettpriser på kollektivtrafikk* for resten av avtaleperioden.